# Innst. S. nr. 73

(2000-2001)

## Innstilling frå utanrikskomiteen om endringar på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet

St.prp. nr. 29 (2000-2001)

Til Stortinget

### Samandrag

I proposisjonen blir det gjort framlegg om å endre løyvingane på ulike postar under Utanriksdepartementets budsjett. For programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar i løyvingane knytta til offisielle statsbesøk og kontingentar til internasjonale organisasjonar, i alt 42,2 mill. kroner i tilleggsløyvingar.

Innanfor utviklingshjelpa under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordelingar på 120,9 mill. kroner. Endringsforslaga innanfor utviklingshjelpa blir fremma for å få til mest mogeleg effektiv bruk av midlane i budsjettåret, og for å støtte viktige humanitære tiltak. Det er blitt ledige midlar til omfordeling på grunn av at ODA-godkjente utgifter til flyktninger i Noreg i år blir mindre enn rekna med, jf. òg omtale i St.prp. nr. 5 (2000-2001) frå Utanriksdepartementet, St.prp. nr. 27 (2000-2001) frå Kommunal- og regionaldepartementet og St.prp. nr. 15 (2000-2001) frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

### Merknader frå komiteen

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Kjell Magne Bondevik og lederen Einar Steensnæs, fra Senterpartiet, Johan J. Jakobsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Lisbet Rugtvedt, og fra Venstre, Lars Sponheim, viser til at det i proposisjonen foreslås omfordelinger innen programområdet 03 på i alt 120,9 mill. kroner. Disse medlemmer viser videre til Innst. S. nr. 28 (2000-2001) der det ble påpekt at de to største norske frivillige hjelpeorganisasjonene, Norges Røde Kors og Kirkens Nødhjelp, i år har fått langt mindre tildelinger til humanitær bistand enn tidligere. Disse medlemmer har merket seg at det heller ikke i denne proposisjonen er avsatt ytterligere midler til det arbeidet som drives i regi av de frivillige hjelpeorganisasjonene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener endringer i statsbudsjettet på dette tidspunkt i budsjettåret kun bør gjelde forhold som ikke med rimelighet på annen måte kunne fanges opp. Dette kan neppe sies å være tilfellet for de administrative delene for kapitlene 140, 141, 142 og 143. På den bakgrunn vil disse medlemmer ikke støtte økning av disse kapitler.

Disse medlemmer ser at valutasvingninger kan være vanskelig å forutse. På den annen side har Stortinget behandlet flere saker om valutakompensasjon, slik at departementet burde kunnet ta høyde for dette. Når det gjelder de fredsbevarende operasjonene, burde rammen i utgangspunktet være høy nok dersom en valgte å øke aktiviteten. Disse medlemmer går derfor imot økningen på kap. 116.

Disse medlemmer viser til sine merknader i Budsjett-innst. S. nr. 3 (2000-2001) om bistand til de palestinske områdene, og vil gå imot denne økningen på kap. 150.

Disse medlemmer viser til sine merknader i Budsjett-innst. S. nr. 3 (2000-2001) når det gjelder kap. 161 post 70. Når disse medlemmer likevel finner å støtte denne økningen, skyldes det øremerkingen for tiltak mot aids spesielt i Afrika. Dette er et arbeid som vil være svært viktig for kontinentets fremtidige muligheter og stabilitet.

Disse medlemmer viser til Fremskrittspartiets alternative budsjett der det foretas en klar styrking av katastrofehjelpen. Disse medlemmer finner derfor å ville støtte forslaget om økning av kap. 190.

Disse medlemmer viser til at hjelp og stabilisering i nærområdene er den beste måten å hjelpe i forbindelse med flyktningproblematikken. På denne bakgrunn støtter disse medlemmer forslagene om å øke kap. 191 og 192.

Disse medlemmer vil vise til at Fremskrittspartiet ønsker en mer restriktiv politikk når det gjelder mottak til Norge. Dette ville naturligvis fått en åpenbar betydning for midler som benyttes til dette formålet. Disse medlemmer går derfor imot den foreslåtte økning på kap. 195.

**Tilråding frå komiteen**

Komiteen har ikkje andre merknader, syner til proposisjonen og rår Stortinget til å gjera slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål: | Kroner |
|---|---|---|---|
| 103 | | Regjeringas fellesløyving for representasjon | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert auka med ... frå kr 5 200 000 til kr 7 400 000 | 2 200 000 |
| 116 | | Deltaking i internasjonale organisasjonar | |
| | 70 | Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert auka med ... frå kr 590 496 000 til kr 630 496 000 | 40 000 000 |
| 140 | | Utanriksdepartementets administrasjon av utviklingshjelpa | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert auka med ... frå kr 114 400 000 til kr 116 100 000 | 1 700 000 |
| 141 | | Direktoratet for utviklingssamarbeid (NORAD) | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert auka med ... frå kr 149 250 000 til kr 151 650 000 | 2 400 000 |
| 142 | | NORADs administrasjon av utanriksstasjonane | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert auka med ... frå kr 185 825 000 til kr 187 025 000 | 1 200 000 |
| 143 | | Utanriksdepartementets administrasjon av utanriksstasjonane | |
| | 1 | Driftsutgifter, vert auka med ... frå kr 84 150 000 til kr 84 750 000 | 600 000 |
| 150 | | Utviklingshjelp til prioriterte land og regionar | |
| | 73 | Utviklingshjelp til Det palestinske område, *kan overførast*, vert auka med ... frå kr 135 000 000 til kr 155 000 000 | 20 000 000 |
| 161 | | Generelle stønader FN-organisasjonar | |
| | 70 | Tilskot til FN-organisasjonar, vert auka med ... frå kr 1 667 000 000 til kr 1 677 000 000 | 10 000 000 |
| 190 | | Humanitær hjelp ved naturkatastrofar | |
| | 70 | Tilskot ved naturkatastrofar, *kan overførast,* vert auka med ... frå kr 185 000 000 til kr 215 000 000 | 30 000 000 |
| 191 | | Menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak, *kan overførast*, vert auka med ... frå kr 1 256 200 000 til kr 1 291 200 000 | 35 000 000 |
| 192 | | Fred, forsoning og demokrati | |
| | 71 | Tilskot til ODA-godkjente land på Balkan og andre ODA-godkjente OSSE-land, *kan overførast*, vert auka med ... frå kr 490 000 000 til kr 510 000 000 | 20 000 000 |
| 195 | | Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp (ODA) | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ... frå kr 985 300 000 til kr 864 400 000 | 120 900 000 |

Oslo, i utanrikskomiteen, den 6. desember 2000

**Einar Steensnæs**
leiar og ordførar

**Haakon Blankenborg**
sekretær

Lobo Media AS